Giske kommune
historisk og framtidsretta

# Vedtekter for den kommunale kontantstønadsordninga i Giske kommune

Kommunal kontantstønadsordning for Giske kommune frå 01.08.2013 for born som ikkje nyttar plass i norsk barnehage som får tilskot etter § 19 i lov om barnehagar av 17.06.2005.

Vedtektene er sist revidert i Giske kommunestyre 26. september 2024.

## § 1. Kven som er omfatta av ordninga

Den kommunale kontantstønadsordninga skal gjelde for born som er folkeregistrert i Giske kommune i perioden det blir søkt kontantstønaden for. Den av dei føresette som skal motta kontantstønad må også vere folkeregistrert i Giske kommune i perioden. Det blir ikkje gitt kontantstønad for born frå andre kommunar som er i fosterheim eller beredskapsheim, jf. lov om barnevernsteneste. Foreldre med adoptivborn kan ikkje få kommunal kontantstønad på same tid som dei mottek kontantstønad eller foreldrepengar/eingongsstønad frå NAV.

Perioden for kontantstønad må vere seks månadar eller meir. Dersom perioden for kommunal kontantstønad blir avbroten før det har gått seks månadar, må utbetalt stønad betalast tilbake. Kommunen sender refusjonskrav vedlagt faktura.

For å få kommunal kontantstønad kan borna ikkje vere registrert med barnehageplass med teljedato i barnehagane, dvs. 15.08. og 15.12.

## § 2. Alder på born som kan ytast kontantstønad for og bruk av barnehageplass

Kontantstønaden gjeld for born i alderen frå og med månaden barnet fyller 20 månader, og til og med den månaden det fyller 31 månader og som ikkje nyttar plass i norsk barnehage som er godkjend etter §§ 14 og 15 i lov om barnehagar av 17.06.2005.

Ved bruk av barnehageplass blir kontantstønaden stoppa frå den månaden barnet får tildelt plass, og dei føresette har takka ja til plassen. Ved oppseiing av plass i barnehage blir kontantstønaden utbetalt frå månaden etter sluttdato for barnet, jf. oppseiingsfristar i dei einskilde barnehagane i kommunen.

## § 3. Sum

Sum per månad frå 01.01.2020: kr 4 000,- per barn. Det blir utbetalt kontantstønad for berre heile månader.

## § 4. Søknadstidspunkt og søknadsfrist

Det er ikkje særskilde søknadsdatoar, men kommunal kontantstønad blir ytt frå månaden etter at søknaden er motteken. Det blir ikkje ytt stønad med tilbakeverkande kraft.

## § 5. Meldeplikt
Den som mottar kontantstønad har plikt til å melde frå til kommunen dersom dei flyttar frå kommunen, eller tek i mot plass barnehage i Noreg som er godkjend etter §§ 10 og 11 i lov om barnehagar av 17.06.2005.

## § 5. Annonsering
Den kommunale kontantstønadsordninga skal årleg annonsert saman med annonsering for hovudopptaket for plass i barnehage. Informasjon om ordninga skal ligge på heimesidene til Giske kommune.

## § 6. Saksbehandling
Saksbehandlinga blir lagt til servicekontoret. Kommunedirektøren gjer vedtak Reglane i forvaltningslova av 10.02.1967 gjeld. Klageinstans er klagenemnda i kommunen. Dersom søknaden er mangelfull blir søknaden returnert til søkjar.

## § 7. Utbetaling
Utbetaling av stønad skjer den 30. i månaden stønaden gjeld for. Stønaden blir utbetalt til den av foreldra som søkjer, og til kontonummer som er oppgitt i søknaden. Ved usemje mellom foreldra blir stønaden utbetalt til den av foreldra barnet har registrert adresse hjå i Folkeregisteret.